

**Sakshandsamar:**

Idar Sagen  
E-post: idar.sagen@sfj.no  
Tlf.: 41530964

**Vår ref.**

Sak nr.: 15/3381-4  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

19130/15

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 27.05.2015

**Notat**

**Frå:** Fylkesrådmannen  
**Til:** Fylkesutvalet, møte 3.juni 2015

**Høyring av endringar i energilova om krav til selskapsmessig og funksjonelt skilje.**

Jf. e-post frå Olje- og energidepartementet 15.04.2015 med vedlagt høyringsnotat av same dato.  
Frist for uttale: 27.05.2015.

Saka dreier seg om korleis ulike deler av energiverksbransjen skal organiserast. Olje- og energidepartementet foreslår at energilova vert endra slik at det vert sett absolutt krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje mellom nettverksemd og all anna verksemd. Forslaget er eitt av tiltaka som vart foreslått i Reiten-rapporten: «Et betre organisert strømmnett». Fylkeskommunen uttalte seg til denne i 2014 med fokus på høg nettleige i spredtbygde område med stort fornybarpotensiale. I fylkeskommunen sin uttale vart det ikkje sagt noko i tilknytning til det som no vert foreslått.

Det er ulikt syn på forslaget, og skiljelinjene synest i hovudsak å gå mellom store energiverk på den eine sida, der aktuelle tiltak i praksis er langt på veg gjennomførte og mindre/mellomstore selskap på den andre sida, der funksjonane er meir blanda. Fylkesrådmannen har ikkje utarbeidd eige utkast til uttale. Til orientering for fylkesutvalet er det nedanfor sagt litt om aktuelle uttalar og lagt inn nokre klipp frå uttalar frå tre av organisasjonane som representer energisystemet i landet.

Samarbeidande kraftfylke, der fylkeskommunen er medlem, er positiv til krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje, men meiner at lovendringa vil bli krevjande for dei minste selskapa og at det bør gjevast dispensasjonar m.a. til kravet om realisering innan tre år. Ein trur ikkje at strukturrendringar som følgje av lovforslaget vil bety løysing av aktuelle problem knytt til høge nettleiger i spredtbygde distrikt med stort fornybarpotensiale. I uttalen (vedlagt) er det sagt m.a.:

*Kraftfylka ser at dagens investerings- og aktivitetsnivå, ikke minst det faktum at det kommer nye produsenter og leverandører til i markedet, gjør det nødvendig med tiltak for å styrke nettselskapenes nøytralitet. Styrket nøytralitet gagnar effektiviteten, både internt i selskapene og samfunnsmessig gjennom bedre konkurransevilkår for alternative tilbydere/produsenter. Vi ser også at selv mistanke om favorisering av egne virksomheter svekker en regions attraktivitet for investeringer og dermed konkurransekraften. Med det som utgangspunkt tror Kraftfylka at krav om selskapsmessig og funksjonelt skille er et fornuftig tiltak.*

*Et skille bidrar imidlertid bare til å hindre slik mistanke bare om det finnes faktiske begrensninger i morselskapets rett til å gi instruksjoner til nettselskapet i saker som gjelder nettinvesteringer og Kraftfylka gir derfor prinsipiell støtte til departementets forslag om en innsnevring av denne retten.*

*Ved at de nye kravene gir kraftselskapene en ryddigere struktur og dermed letter oppkjøp, fusjoner og kapitalisering mener departementet at forslaget vil legge til rette for en strukturreform i bransjen. Flere selskaper enn i dag kan finne det hensiktsmessig å skille ut nettvirksomheten å overføre denne til selskap med en struktur som oppfyller kravene, ev. selge ut den konkurranseutsatte virksomheten. Kraftfylka ser at det i mange tilfeller er en ønsket og nødvendig utvikling. Vi har forhåpninger om at en strukturreform kan virke*

*forløsende på investeringsprosjekter som er nødvendig for styrket forsyningssikkerhet, for næringsutvikling og som gjør det mulig for kraftfylka å utnytte sine komparative fortrinn innen fornybar kraft.*

Energi Norge organiserer flest energiverk i landet og dekker 90 % av nettkundene. Frå [nettsida](#) 22.05.15:

*Energi Norge støtter i høringsuttalelsen at det blir et tydelig skille mellom monopol- og konkurransevirkosomhet, blant annet gjennom krav til selskapsmessig skille for alle nettselskaper. Det er ulike syn blant Energi Norges medlemsbedrifter om kravet til funksjonelt skille. Energi Norge har, når forslaget nå foreligger, kommet til at hensynet til likebehandling av aktørene må tillegges stor vekt.*

*– Vi har – innenfor knappe tidsfrister – lagt vekt på å gjennomføre en bred prosess for å komme frem til et høringssvar med omfattende involvering av medlemmene. Høringssvaret ble også behandlet i Energi Norges styremøte denne uken, sier administrerende direktør Oluf Ulseth i Energi Norge.*

*Et klart skille er viktig for å sikre at konkurransemarkedene for både kraftproduksjon, kraftomsetning og annen virksomhet fungerer godt og til kundenes beste.*

*– Alle selskaper – særlig de mindre – opplever krav om funksjonelt skille som byrdefullt og kostnadsdrivende. Konsekvensene av en slik omlegging vil derfor kunne få reell betydning for fremtidig nettorganisering og selskapsstrukturer. Vi i Energi Norge er opptatt av at myndighetene finner fleksible ordninger både for innføring av nye krav og for oppfølgingen av disse, sier Ulseth.*

<http://www.energinorge.no/getfile.php/FILER/TEMAER/N%C3%86RINGSPOLITIKK/NETT/H%C3%B8ringsuttalelse%20Energilov%20Energi%20Norge.pdf>

KS Bedrift som er arbeidsgjevarorganisasjon for 90 energiselskap, dei fleste mindre og mellomstore, går i mot forslaget. KS Bedrift meiner at endringane vil påføre verksemdene m.a. oppdeling av funksjonar og dermed høgare kostnader. Sekundert ber dei om at det vert gjort eit generelt unntak for selskap med færre enn 20 000 kundar og at det trengst ein tilpassingsperiode på minimum fire år etter at nye reglar er innført. For samanlikning har desse energiverka så mange nettkundar: Sognekraft AS: 8 350, SFE Nett AS: 23 000, BKK Nett AS: 185 000. Krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje er i dag regulert i EU sitt tredje el-marknadsdirektiv, der dette er eit krav til alle selskap. Men det kan gjerast unntak for alle selskap med færre enn 100 000 kundar. Unntaket er gjort m.a. for å ikkje påføre små nettselskap ekstra kostnader. I følgje KS Bedrift vert dette utnytta i EU landa, og dei meiner at forholdet er minst like relevant her hos oss. I uttalen (vedlagt) er det m.a. sagt:

*KS Bedrifts hovedsynspunkter til forslag om endring av energiloven*

- *Funksjonelt skille kan ikke innføres som et krav til alle selskaper uavhengig av størrelse. Dette er et svært fordyrende og urimelig krav for mindre og mellomstore selskaper.*
- *Det er ikke dokumentert at funksjonelt skille gir positiv økonomisk kost-nytte for selskapene, deres eiere eller kunder.*
- *Selskapenes organisasjonsform har ingen betydning for nettselskapenes effektivitet<sup>1</sup>.*
- *Frykten for kryss-subsidiering av konkurranseutsatt virksomhet i integrerte selskaper er ubegrunnet.*
- *De mindre og mellomstore energiselskapene har kontroll på egen økonomi og kompetanse til å løse egne oppgaver.*
- *Selskapsmessig og funksjonelt skille vil ikke redusere behovet for monopolkontroll og tilsynsvirkosomhet fremover.*